

NOTAT

Til: LS

Frå: Kleiva-Gramstad Sigrid Sofia

Dato: 25.5.20

Saksnummer: 28 345

Rapport om NJ-skulen

Landsmøtet vedtok fleire punkt i tiltaksplanen som direkte omhandla NJ-skulen. Denne rapporten går gjennom revisjonen av NJ-skulen og kor langt ein er komen for å oppfylle måla i tiltaksplanen.

Landsmøtet i 2019 vedtok følgjande:

- NJ skal i perioden videreutvikle NJs digitale tillitsvalgtopplæring.
- NJ skal i perioden gi nye klubb- og lagsledere nødvendig opplæring i rollen som tillitsvalgt, gi dem insentiver til å påta seg rollen over flere perioder, og undersøke hvordan erfarne tillitsvalgte kan få sin kompetanse dokumentert.

På landsstyremøtet 27.-29. mai spurte LS, som ei oppfølging av dette, etter ein revisjon av NJ-skulen som skulle inkludere digital opplæring av tillitsvalde, forhandlingskurs og eit opplæringsprogram. Denne revisjonen skulle også inkludere opplæring av tillitsvalte utanfor konsernet. Dette vart lagt fram og vedtatt av landsstyre 17.-18. september då følgjande prinsipp for NJ-skulen vart vedtatt:

1. NJ-skulen skal vere differensiert etter nivå, og skal i perioden særleg fokusere på skulering av klubleiarar og lagsleiarar.
2. NJ skal ha eit eige kurstilbod for NJ Student og NJ Frilans.
3. NJ skal vidareutvikle arbeidet med den digitale NJ-skulen med nettkurs, og etter kvart videoar og andre digitale tilnærmingar til læring.
4. NJ-skulen skal samle inn data, dokumentere deltaking og evaluere kurs og kurstilbodet for å kontinuerleg bli betre og prøve å oppfylle behova til medlemmane og dei tillitsvalde.
5. NJ skal til ei kvar tid vurdere om kurstilbodet er i samsvar med kursbehovet.

Det nye arbeidet med den reviderte NJ-skulen vart starta opp hausten, men vart tidleg amputert grunna heil eller delvis sjukemelding av den NJ-skuleansvarlege i sekretariatet i fem månadar i årsskiftet 2019/2020. I løpet av våren 2020 har organisasjonen likevel vore

omfatta av ei utvida digitalisering i samband med korona. Då Norsk Journalistlag allereie hadde infrastrukturen og planen klar for gjennomføringa av ordinær gjennomføring av to til fire nettkurs i månaden, var det uproblematisk å innføre digitale informasjonsmøte for å møte den usikre situasjonen tillitsvalte og frilansarar måtte takle. Det er her viktig å påpeike at den tidlegare langtidsplanlegginga var essensiell for gjennomføringa av desse kursa på eit slikt nivå som vi har gjort, då sekretariatet allereie hadde gjort seg viktige erfaringar i gjennomføringa av tidlegare kurs.

NJ-skulen skal vere differensiert etter nivå, og skal i perioden særleg fokusere på skulering av klubbleiarar og lagsleiarar.

NJ-skulen er per i dag delvis differensiert etter nivå, då vi har delt inn i nivå på nokre kurs. I tillegg har det vore delt inn etter nivå (grunnleggjande, vidarekomen, erfaren) på NJs Styrkeløft. utfordringar med dette er at ein etter kvart må lage seg erfaringar om kvar nivåa er, og på denne måten kan ein seie at dette er eit kontinuerleg arbeid.

Klubbleiarar og lagsleiarar har vore prioriterte i løpet av perioden. Lagsleiarar har særleg fått si opplæring i korleis drive lagsarbeid på lagsleiarssamlinga og på NJ Styrkeløft, men har også hatt høve til å delta på andre kurs for å opparbeide kompetanse innan fagforeiningsfeltet. Klubbleiarane har vore særleg prioriterte, med kurs om arbeidstid, lokale forhandlingar og andre relevante tema som er blitt gjort klare for dei. Forhandlingskursa som har vore holdt har vore viktige for å bu klubbane på forhandlingar i samsvar med tidlegare landsstyrevedtak.¹ Her har det særleg vore på Styrkeløft at dei har fått opplæring og kunnskap rundt kompetansebestemmingane, men desse er også noko som har blitt framheva på alle spørsmål og svar-sesjonane under korona.²

I tillegg er det iverksett tiltak retta spesifikt mot nye klubbleiarar, som t.d. mentorordninga og eigne kurs på NJs Styrkeløft. Sekretariatet jobbar også med ei digital kursrekke som skal gå hausten 2020 for dei nye klubbleiarane og klubbstyra for å gi dei ei særskilt grunnleggjande innføring i korleis ein skal drive klubb. I samband med tilbodet opp mot klubbleiarar vil det også bli sendt ut ei undersøking før sommaren.

Følgjande kurs har vore retta mot klubbleiarar og lagsleiarar fram til korona:

Forhandlingskurs (fysisk, 18 deltakarar)

¹ Landsstyret vedtok i september at "NJ styrker klubbenes opplæring i forhandlinger.» (LS-sak nr 31 - 17.- 18.september)

² LS vedtok i mai 2019 at ein skal ha opplæring av klubbleiarar for å auke medvita rundt kompetansereglane.

Forhandlingskurs i NJ Nord (fysisk, 6 deltakarar)

AMU-kurs (2 stk, fysisk, 16 deltakarar per gong)

Lagsleiarsamling (fysisk, 15 deltakarar)

NJs Styrkeløft (fysisk, 104 deltakarar)

Forhandlingskurs (3 stk, digitalt, 56 deltakarar)

NJ skal ha eit eige kurstilbod for NJ Student og NJ Frilans.

NJ har per i dag eit eige kurstilbod for både NJ Student og NJ Frilans. Særleg NJ Frilans er her ei prioritert gruppe, og både rammeavtalen og rettleiande satsar blir promotert på kvart kurs. Desse får også ein særleg gjennomgang på Proffkurset, som NJ arrangerer årleg.³ Det er også lagt eit eige kurs om rammeavtalen inn i den digitale kursplanen fram mot

Følgjande kurs har vore retta mot NJ Frilans før korona:

NJs Styrkeløft (fysisk)

Proffkurs (fysisk, 18 deltakarar)

Forhandlingskurs (fysisk, 12 deltakarar)

Økonomi for frilansjournalistar (digitalt, 75 deltakarar)

Korleis søke pengar til prosjektet ditt? (digitalt, 35 deltakarar)

Det har også vore nokre kurs lagt opp mot NJ Student, men det har vore avgrensa interesse for sentralt arrangerte kurs som ikkje er journalistfaglege før korona.

Følgjande kurs har vore retta mot NJ Student før korona:

NJs Styrkeløft (fysisk)

Sommarvikarkurs (digitalt, 10 deltakarar)

NJ skal vidareutvikle arbeidet med den digitale NJ-skulen med nettkurs, og etter kvart videoar og andre digitale tilnærmingar til læring.

³ «Frilanserne må få god opplæring i bruk av rammeavtale og veiledende satser» (LS-sak nr 15 - 27.-29.mai 2019)

NJ har vidareutvikla arbeidet med den digitale NJ-skulen. Det eksisterer no høg kompetanse i sekretariatet på gjennomføring av digitale kurs, og dette er under kontinuerleg utvikling. Utviklinga av videoar er diskutert, og det er lagt planar for å leggje ved følgjevideoar til t.d. informasjon om kravrekningskjema til hausten. Dette arbeidet er derimot til ein viss grad avhengig av kor utvikla min side-funksjonen er på nettsidene når det kjem til ein intraportal for NJ-skulen. Dette er ein funksjon som per no ikkje er prioritert i arbeidet med min side, og vil truleg kome etter kvart. I perioden har sekretariatet også byrja sjå på eventuelle kommersielle digitale læringssystem (LMS) som vi kan ta i bruk anten permanent eller i påvente av ein funksjonalitet på NJs nye nettsider.

NJ-skulen skal samle inn data, dokumentere deltaking og evaluere kurs og kurstilbodet for å kontinuerleg bli betre og prøve å oppfylle behova til medlemmane og dei tillitsvalde.

NJ-skulen har samla inn data om deltaking og evaluering av kurs. Dette er særleg uproblematisk med dei digitale kursa, då nettenesta vi bruker genererer svært mykje data i seg sjølv. Det eksisterer derimot også tal på deltakinga på fysiske kurs, som det er informert om tidlegare i dokumentet. NJ har i perioden evaluert alle fysiske kurs, og dei fleste digitale kurs. I løpet av sommaren 2020 skal det formulerast rutinar for evaluering for å kunne straumlinjeforme evalueringa for både fysiske og digitale kurs, slik at det blir lettare å samle inn og samanlikne data rundt dette.

NJ skal til ei kvar tid vurdere om kurstilbodet er i samsvar med kursbehovet.

Statistikken som blir henta inn frå førre punkt er essensiell for å kontinuerleg vurdere om kurstilbodet er i samsvar med kursbehovet. I perioden har opptil fleire nettkurs blitt avlyst grunna få påmeldte, og erfaringa med dette er noko som gjer at ein kan justere frekvens og innhald etter behovet i organisasjonen. Dette er noko ein vil opparbeide seg meir erfaring med etter kvart.

Dokumentering av kompetanse hjå tillitsvalte

I implementeringa av det nye medlemssystemet skal det vere mogleg å printe ut deltakarbevis, for å på denne måten kunne dokumentere kompetansen tillitsvalte har fått i NJ. Dette skal samsvare med den nye kursmodulen som ligg i medlemssystemet.

Den økonomiske situasjonen til NJ-skulen

Det var sett av 2 381 995 til totale kurs i budsjettet for 2020, og det er hittil brukt lite av budsjettet.⁴ Grunna korona er fleire av dei fysiske kursa som skulle gjennomførast avlyste, og det er derfor eit ganske romsleg budsjett for NJ-skulen til hausten. Det er derimot ein

⁴ Nøyaktig tal vil bli presentert på landsstyremøte grunna mellombels manglande tilgang på rekneskapstala.

del fysiske kurs som er utsette, og dersom ein skal gjennomføre desse til hausten vil dette tyde at det er viktig at ein held seg innanfor budsjetta til dei einskilde kursa for å unngå overforbruk.

NJ-skulen under korona

Det nye arbeidet med den reviderte NJ-skulen vart starta opp hausten, men vart tidleg amputert grunna heil eller delvis sjukemelding av den NJ-skuleansvarlege i sekretariatet i fem månadar i årsskiftet 2019/2020. I løpet av våren 2020 har organisasjonen likevel vore omfatta av ei utvida digitalisering i samband med korona. Då Norsk Journalistlag allereie hadde infrastrukturen og planen klar for gjennomføringa av ordinær gjennomføring av to til fire nettkurs i månaden, var det uproblematisk å innføre digitale informasjonsmøte for å møte den usikre situasjonen tillitsvalte og frilansarar måtte takle. Det er her viktig å påpeike at den tidlegare langtidsplanlegginga var essensiell for gjennomføringa av desse kursa på eit slikt nivå som vi har gjort, då sekretariatet allereie hadde gjort seg viktige erfaringar i gjennomføringa av tidlegare kurs.

NJ har hatt 21 nettkurs under korona, derav 9 for frilansarar, 10 for tillitsvalte, 1 for mellombels tilsette og 1 for studentar. Praksis har vore å avlyse nettkurs med under 15 deltakarar, for å etterleve prinsippet om at det skal vere behov for kursa vi tilbyr. Nettkursa får god respons, men ei utfordring er å finne balansen mellom tilbod og etterspurnad, og i tillegg må ein tilpasse seg etter behovet for tema hjå dei tillitsvalte.

Tilbakemeldingane frå deltakarane viser at nettkursa og nettmøta også har hatt ein viktig sosial funksjon, og har bidratt til å få dei tillitsvalte til å kjenne seg trygge i rolla si som tillitsvalt i ein elles vanskeleg situasjon. Det er komne instendige ønske om at vi ikkje avviklar det nettbaserte kurstilbodet også etter korona.

NJ har hatt følgjande nettkurs for tillitsvalte:

Spørsmål og svar (8)

Korleis vere klubbleiar under korona?

NRK: Kviletid

På desse nettkursa har det deltatt 314 tillitsvalte, frå minimum 126 klubbar og lag⁵ deltatt. Av desse var 182 unike deltakarar. Vi ser at dei fleste vel å fullføre kurset, men at

⁵ Dette er ei grovteljing, som vil seie at nokre klubbar kan ha blitt telt færre eller fleire gongar. T.d. er det skilnad på kva deltakarar frå NRKJ har opplyst, der nokre har sagt det generelle NRKJ medan andre har sagt

nokre også kjem for seint og loggar av før kurset er ferdig. 79% av deltakarane fullfører 80% eller meir av kvart nettkurs/ nettmøte.

NJ har hatt følgjande nettkurs for frilansarar:

Spørsmål og svar (5 stk)

NJ Forsikring

Pensjon

Fritt Ord

På desse nettkursa har det deltatt 291 frilansarar. 169 av desse var unike deltakarar. Vi ser også her at dei fleste vel å fullføre kursa, men det er berre 61% av frilansarane som fullfører 80% eller meir av kvart nettkurs/møte.

I tillegg vart det gjennomført eit kurs om næringsrapport for skatt ved Paal Stavrum, med 83 påmeldte.

NJ Har hatt følgjande nettkurs for studentar:

Sommarvikar

På dette kurset var det 28 deltakarar, og 70% deltok fullførte 80% eller meir av kurset.

Andre kurs:

Det vart også gjennomført eit digitalt kurs for mellombelse tilsette.

Framlegg til vedtak:

- LS tar rapporten til etterretning

spesifikke klubbar innad i NRKJ. I tillegg var det eitt eller to kurs som ved eit uhell ikkje hadde med feltet «Klubb» ved påmelding.